

## **Innkalling til møte i Forsknings- og formidlingsutvalget**

Tid: 14. oktober 2024, kl. 14.15-16.00

Sted: HF-bygget, rom 301

Innkalt: Åslaug Ommundsen (leder), Ulla Kallenbach, Aidan Conti, Vadim Kimmelman, Anna-Marie Kjøde Olsen, Jon Martin Perander (vara for Julie Bergmann), Helen Leslie-Jacobsen, Peter Svare Valeur, Domen Gril (sekretær)

Saker:

### **29/24 Godkjenning av innkalling**

### **30/24 Godkjenning av protokoll fra møtet 29.08.2024**

Vedlegg 1

### **31/24 Ressursside for kappeskriwing på HF eller LLE?**

Innanfor humaniora er det stadig fleire som skriv artikkelbasert avhandling med kappe. Samstundes er det usikkerheit knytt til kva som utgjer ei god kappe, både blant rettleiarar og stipendiatar. Forskarskulane arrangerer kurs og seminar, men det er spørsmål om anten HF eller LLE bør opprette ei «ressursside» eller rådgjevande side for kappeskriwing, sjå til dømes vedlagte lenker:

1. Frå Det psykologiske fakultet, UiB:  
[https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/ph.d.-programmet\\_ved\\_det\\_psykologiske\\_fakultet\\_1.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/ph.d.-programmet_ved_det_psykologiske_fakultet_1.pdf)
2. Frå det humanistiske fakultet, UiO: <https://www.hf.uio.no/forskning/phd/avhandling-bedommelse/krap/retningslinjer-kappen.html>.

Kva tenker FFU?

### **32/24 Oppfølging, UPED og opplæringsdelen for stipendiatar**

Oppfølging av sak 26/24: Åslaug har snakka med Robert Kordts ved UPED. Han støttar at LLE anbefaler stipendiatar å ta UPED-kurs, sjølv om dei ikkje er garantert plass. Dersom det syner seg å bli problem med kapasiteten, er UPED også opne for eit samarbeid om spesifikke pedagogikk-kurs for LLE sine stipendiatar, men dette kan me komme tilbake til ved behov.

Praksis er ulik for om stipendiatar får bruke poeng i opplæringsdelen (eit typisk kurs vil vere på 15 timer pluss førebuing, dvs. 1 ects-poeng.) [SV-fakultetet](#) godtek ikkje UPED-kurs som ein del av opplæringsdelen. [HF-fakultetet](#) har ikkje teke stilling til dette i sine retningslinjer, men reknar

heller ikkje UPED inn blant spesifiserte ikkje-poenggjevande aktitivetar (jf. [phd-programmets pkt. 3.6.1](#)).

Basert på diskusjonane 29. august, veg det tungt at UPED-kurs vil bidra til å auke kvalifikasjonane til stipendiatane og styrke sjølvtilleit og meistring i undervisingsdelen av pliktarbeidet. Samstundes tel det positivt at fleire stipendiatar med UPED-kurs kan bidra til høgare kvalitet i undervisinga ved LLE. For likevel å komme i møte argumentet om at stipendiatane ikkje bør miste for mykje av den kandidatspesifikke delen til pedagogikk, kan ein til dømes avgrense kor mange poeng ein kan rekne inn. På kort sikt kan poenga leggast til den kandidatspesifikke opplæringa, medan ein på lang sikt kan arbeide for at HF inkluderer pedagogikk i den obligatoriske opplæringa.

**Forslag til vedtak:** Stipendiatane ved LLE bør anbefalast å auke sin kompetanse gjennom å ta enkeltkurs ved UPED-programmet. Dei kan føre opp maks 3 ects-poeng (basert på timetal) som ein del av den kandidatspesifikke opplæringsdelen.

### **33/24 Oppfølging av Sosial ettermiddag om forsking tirsdag 12. november**

Åslaug skulle spørje CDN pluss to forskargrupper om å bidra (LUNA – norsk som andrespråk + Nordisk litteratur [ev.t Nordisk språk]). Domen skulle spørje Mikkel E. Paulsen. Tentativt program: 13.15-13.30: CDN; 13.30-14.00: Kake; 14.00-14.30: Tre presentasjonar (kvar med 5 min. + 1 eitt bilet) Sosial ettermiddag om undervising (15. oktober) har sitt arrangement på Ad fontes. Skal me prøve same stad? Kva er status for organiseringa?

### **34/24 Representant for [CDN](#) inn i FFU?**

Det er stor stas å ha fått ein SFF til LLE, men me slit litt med integreringa av di CDN fysisk er plassert i eit anna bygg. Er det ein idé å invitere CDN inn i FFU med ein eigen representant?

### **35/24 Orienteringssaker:**

Frå FFU-HF i 11. september (løypemelding, BOA-aktivitet: FRIPRO-aktiviteten bør opp; Handlingsplan for forskningsinfrastruktur; HF-dag for forsknings og utdanning – om forskargruppeleiing)

Instituttrådet 5. september (IRs arbeidsform og mandat)

### **Eventuelt**